



Gunn Mari Moberg som lokal folkevald. Til helga er ho i ein ny rolle. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Høgre har landsmøte i Oslo fredag, laurdag og sundag og ein uskedeling er delegat. Gunn Mari Moberg debuterer som landsmøtedeltakar og har tru på at det blir ei lærerik oppleving. Men ho har ingen planar om å gå ut med ein høg profil på møtet.

Då uskedalen.no møter henne til ein liten landsmøteprat kjem ho direkte frå blautkakefeiring av Muradal-sigeren i Kvinnherad Energi sitt styre.

- Det blir vel ein nedtur til eit Høgre som nokon meiner er kriseramma....
- Meiningsmålingane er ikkje så lovande for tida, men mykje kan skje fram mot valet. Det verkar som om vi akkurat no er i ein skvis mellom Jens Stoltenberg og Siv Jensen og har problem med å koma på offensiven. Men det blir inga borgarleg regjering utan eit sterkt Høgre.

- Og kven vil du ha som partiet sin statsministerkandidat, mykje tyder på at Per Kristian Foss har vind i segla....
- Hordalandsdelegasjonen held naturlegvis fast på Erna og det gjer også eg. Det skulle berre mangle at vi gav avfall på vår eigen Vestlandskandidat! Mi mening er at Erna er flink og ein verdig kandidat.

- Vil vi få sjå Gunn Mari på talarstolen under landsmøtet?

- Nei, eg kan lova at det ikkje blir aktuelt. Eg har ikkje meldt meg på som talar i plenum. Men det skal også vera såkalla lunsjdebattar om ymse tema. Det er nok lettare å koma til orde der hvis ein kjenner at det er aktuelt...

Elles ser eg fram til å få betre kontakt med dei andre rundt 30 medlemmene av delegasjonen frå Hordaland. Ein treng av og til hjelp og støtte frå partifeller og difor er det viktig å utvikla eit skikkeleg nettverk, seier Gunn Mari.

Ho er no leiar i Kvinnherad Høgre på fjerde året, medan ho har vore medlem av kommunestyret i to år og første vara til formannskapet like lenge.

Av Ola Matti Mathisen